



Fylkesmannen i Hordaland

SMP MARINE PRODUKTER AS
5937 Bøvågen

Bergen, 30. november 2018

Dykkar ref.:
Aslaug Nøttveit

Vår ref.(oppgi ved svar):
2018/13081
Sakshandsamar:
Sissel Storebø

Rapport frå inspeksjon ved SMP Marine Produkter AS

Kontrollnummer: 2018.021.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Aslaug Nøttveit

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Sissel Storebø
Eric Backer-Røed

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved SMP Marine Produkter AS den 19. oktober 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekkja 3 avvik og ga 2 merknader under inspeksjonen. Avvika er innanfor områda internkontroll, farleg avfall og substitusjon av kjemikal.

Avvika og merknader er nærmere omtalte frå side 3 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærmere omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Sissel Storebø
senioringeniør

Eric Backer-Røed
senioringeniør

Kopi til: Radøy kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: SMP MARINE PRODUKTER AS

Organisasjonsnr.: 972034843

Eigd av: 944134212

Bransjenr. (NACE-kode): 10.202 - Frysing av fisk, fiskefileter, skalldyr og bløtdyr

Kontrollert eining

Namn: SMP Marine Produkter AS	Anleggsnr.: 1260.0009.01
--------------------------------------	---------------------------------

Kommune: Radøy	Fylke: Hordaland
-----------------------	-------------------------

Anleggsaktivitet: Fiskeforedling

Løyve gitt: -	Sist endra: -
----------------------	----------------------

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for slakteri og foredling av fisk og kjøt.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikalier
- Journalføring

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekket under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjoner

Avvik: Manglende etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

SMP Marine Produkter AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at SMP Marine Produkter AS innan 1. mars 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber også om at verksemda sender inn ei kort utgreiing innan 1. mars 2019 om korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmhopost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Hordaland v/Sissel Storebø.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 12. oktober 2018. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i ureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må SMP Marine Produkter AS betale eit gebyr på kr 17 200,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil en dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagan til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Internkontrollen til verksemda er mangelfull

Avvik frå:

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) §5, 2. ledd punkt 4, 6 og 7.

Kommentarar til regelverket:

Internkontrollforskrifta pålegg den som er ansvarleg for verksemda å sørge for at det vert innført og utøvd internkontroll, jf. § 4.

Internkontrollen skal verne ytre miljø mot forureining og sikre ein betre handtering av avfall i den form og det omfang som er naudsynt på bakgrunn av verksemda si art, aktivitetar, risikotilhøve og storleik, jf. § 5.

Mål - § 5, 2. ledd punkt 4

For at internkontrollen skal kunne fungere som et verktøy for verksemda til å betre tilhøva til ytre miljø, er det viktig å sette seg konkrete mål for arbeidet. Måla bør etterfølgjast av ein handlingsplan med tiltak for å nå måla. Når vedtekne tiltak er utførte skal leiinga vurdere om måla er nådde eller ikkje.

Risikovurdering - § 5, 2. ledd punkt 6

Verksemda skal kartlegge farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko. Risikovurderinga skal omfatte alle aktivitetane til verksemda som kan føre til forureining av vatn, grunn og luft. På bakgrunn av dette skal verksemda utarbeide handlingsplan og konkrete tiltak for å redusere risikoforholda. Handlingsplanen skal vise kven som er ansvarleg for å gjennomføre tiltaka og frist for gjennomføring.

Rutinar - § 5, 2. ledd punkt 7

Verksemda må ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Rutinane må vere dokumenterte slik at dei kan inngå i internkontrollen.

Avvik er basert på følgjande:*Mål*

SMP Marine Produkter AS har ikkje sett mål for ytre miljø som viser ikkje korleis verksemda vil redusere sine utslepp.

Tema som det kan vere naturleg å setje miljømål for kan vere;

- reinsegrad for utsleppet
- bruk av kjemikal
- energiforbruk
- avfalls mengde
- støy og lukt

Risikovurderingar

Risikokartlegginga er ikkje fullstendig då viktige tilhøve for god miljøstyring ikkje er med i risikovurderinga. Mellom anna manglar følgjande risikomoment:

- Lagring av farleg avfall på lageret, midt på golvet, sjå bilde 2
- Lagring av farleg avfall i opne kar (olje)
- Utslepp frå reinseanlegg og feittavskiljar
- Forsøpling/plastforureining
- Lukt
- Støy

Lista er ikkje uttømmande.

Risikovurderinga med handlingsplan må munne ut i ytterlegare tiltak for å redusere forureining.

Skriftlege rutinar

Verksemda mangler skriftlege rutinar knytt til ytre miljø.

Mellom anna manglar rutinar for;

- handtering av farleg avfall
- substitusjon av kjemikalier og dokumentasjon på at substitusjon er gjennomført

Avvik 2:

Handtering av farleg avfall er ikkje i tråd med regelverket.

Avvik frå: Avfallsforskrifta om farleg avfall, kapittel 11

Kommentarar til regelverket:

Leveringsplikt, § 11-8

Farleg avfall skal leverast minst ein gong om året. Leveringsplikta skjer når den totale mengda overstig 1 kilo. Det vil ikkje sei at avfallet må leverast straks grensa på 1 kilo er nådd, men at verksemda har plikt til å levere minst ein gong i året.

Deklarasjonsplikt, § 11- 12

Farleg avfall skal deklarerast gjennom nettstaden avfallsdeklarering.no. Emballasjen skal merkast tydeleg med deklarasjonsskjemaets løpenummer. Merkinga må kunne stå imot fysiske og klimatiske påverknader. Ved bruk av ekstern transportør gjer deklarasjonsplikta seg gjeldande i det avfallet blir levert til transportøren.

Avvik er basert på følgjande:

Levering av farleg avfall

Verksemda har ikkje levert farleg avfall sidan september 2014.

Verksemda leverer tomme sprayboksar direkte til gjenvinningsstasjon, som privatperson. Dette avfallet vert ikkje deklarert.

Deklarering av farleg avfall

Verksemda har tidlegare levert og deklarerert farleg avfall i tråd med regelverket, men farleg avfall er ikkje levert årleg, slik det er krav om i forskrifta. Verksemder skal alltid deklarer gjennom avfallsdeklarering.no og betale for levering av farleg avfall.

Avvik 3:

Verksemda har manglar ved handteringa av kjemikal

Avvik frå:

- Produktkontrollova § 3a Substitusjonsplikt
- Internkontrollforskrifta § 5 2. ledd punkt 7

Kommentarar til regelverket:

Substitusjonsvurderingar

Alle verksemder som brukar helse- og miljøskadelege kjemikalia har plikt til å vurdere substitusjon. Verksemda er sjølv ansvarleg for aktivt å vurdere dei kjemikala ein brukar,

inkludert legemidlar og vaskemidlar. Mindre skadelege alternativ skal veljast dersom dette kan gjerast utan urimeleg kostnad og ulempe. Vurderinga skal vere skriftleg dokumentert.

Avvik er basert på følgjande:

Det er ikkje gjort systematiske skriftlege substitusjonsvurderingar for kjemikal som verksemda nyttar, og det er ikkje utarbeidd skriftlege prosedyrar for substitusjon.

Verksemda hadde lagra og i bruk mange sprayboksar ved tilsynet, sjå bilde 1.

7. Merknader

Merknad 1:

Verksemda manglar dokumentasjon av feittavskiljaren sin kapasitet og effekt.

Kommentarar:

Verksemda er regulert etter kapittel 26. Forureiningar for fiskeforedlingsverksemder. Eit av krava i forskrifa er at store anlegg som bruker råstoff over 7 % feitt skal ha feittavskiljar. Feittavskiljaren skal som eit minimum vere dimensjonert for ein effektiv oppholdstid på 15 minuttar og overflatebelastning på maksimum $10 \text{ m}^3/\text{m}^2$ pr. time.

Verksemda kunne ikkje dokumentere kapasiteten og effekten av denne.

Merknad 2:

Manglande driftsinstruks for reinseanlegget.

Kommentarar:

For at eit reinseanlegg skal fungere godt bør det ligge føre ein driftsinstruks for denne. Driftsinstruks for reinseanlegget kunne ikkje leggjast fram ved tilsynet.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Årsrapport Forurensning fra SMP Marine Produkter As 2017
- Skisse over reinseanlegget

9. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Forskrift om begrensning av forurensning (forureinsningsforskrifta). Kapittel 26.
Forureining fra fiskeforedelingsverksemder
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter
(internkontrollforskrifta)
-

Brosjyrar/infoark vart utdelte:

- Regelhjelp.no
- Avfallsdeklarering.no (M421/2015)
- Avviksbehandling: Det er bedre å lære av en feil enn å gjenta den
- Forventninger til virksomheters utslippskontroll (TA-2748)
- Gebyr ved kontroll (TA-2608)
- Kontroll med risiko gir gevinst
- Miljøkrav for fiskeforedelingsindustri (M-1112/2018)

10. Bilde

Bilete teke av Fylkemannen i Hordaland ved tilsynet 19. oktober 2018



Bilde 1: Spraybokser på verkstaden



Bilde 2: Lagring av farleg avfall